



Osterøy IL
Postboks 42
5293 LONEVÅG
Org.nr: 975 682 447

Om Osterøy Idrottslag

Osterøy IL er det største idrettslaget i kommunen, med om lag 700 medlemmer. Osterøy IL er eit fleiridrettslag og det er hovudstyret som er formelt ansvarleg for alt dei ulike gruppene driv av aktivitetar. Økonomiske disposisjonar høyrer også inn under dette ansvaret.

Svein Lohne er leiar i Osterøy IL medan Tore Langeland fungerer som dagleg leiar i deltidstilling.

I dag har Osterøy IL desse gruppene:

Fotball, Friidrett, Ski, Turn, Handball, Orientering, samt Spretten/Stjernelaget (ei gruppe som driv med aktivitetar for psykisk utviklingshemma).

Leiarar i gruppene i Osterøy IL er pr dags dato:

Turn:	Baste Neu Hatland	Fotball:	Torbjørn Hovden
Friidrett:	Herdis Helle	Handball:	Elin Kleppe Fossbakken
Ski:	Robert Skjerping	Spretten:	Kari Solberg
Orientering:	Ragnhild Balsvik		

Visjon

Føremålet til laget er ved samarbeid og kameratskap å fremja idrett som er organisert i Norges idrettsforbund (NIF). Dette gjeld breiddeidrett, toppidrett, barneidrett og trim. Arbeid innan desse områda gjer det meningsfullt og utfordrande å vera medlem i Osterøy IL. Laget vil leggja til rette for auka fysisk aktivitet for alle aldersgrupper, men særleg for born og ungdom.

Drift og økonomi

Osterøy IL vert i all hovudsak drive gjennom dugnad. Som ein konsekvens av dette kan då alle medlemmer verta kalla inn til ulike typar dugnadsarbeid.

Døme på dette kan vera vakthald, kiosksal, loddsal og ulike former for vedlikehalds- og utbyggingsarbeid. For medlemmer under 18 år vert dei føresette trekte med i dugnadsarbeidet. Omsetnaden for heile laget vil i 2019 liggja på vel 5 millionar kroner.

Osterøy stadionbygg

Osterøy stadionbygg (klubbhuset) eignar seg godt til konfirmasjonar, dåp og liknande. Det er dekketøy til 60 personar i huset. Ansvarleg for utleige er Tore Langeland telefon 908 78 512 eller pr. e-post til post@osteroyil.no

Grasrotandelen

Støtt oss ved å registrera spelekortet ditt på Osterøy IL. 7 % av brutto spelebeløp vil då gå til Osterøy idrottslag. Les meir på www.grasrotandelen.no

Oppmoda gjerne familie, vener og andre til å registrera seg for oss og det einaste ein treng er Osterøy IL sitt organisasjonsnummer: **975 682 447**



Osterøy IL
Postboks 42
5293 LONEVÅG
Org.nr: 975 682 447

Medlemspengar

I Osterøy idrettslag er alle personlege medlemmer. Ved å betala medlemspengar er ein automatisk medlem i alle gruppene i laget. Satsane for medlemspengar vert fastsett av årsmøtet i Osterøy IL kvart år.

Årsmøtet i 2019 gjorde følgjande vedtak om medlemspengar for 2020:

- Born t.o.m. det året dei fyller 17 år betalar kr. 300,- pr. kalenderår.
- Vaksne f.o.m. det året dei fyller 18 år betalar kr 600,- pr. kalenderår.

Det vert lagt til eit gebyr på kr. 50,- for kvar purring. Etter betalingsfrist for 2.gongs purring vert det gjeve melding til aktuelt gruppestyre om at vedkommande ikkje lenger kan delta i aktivitet i regi av Osterøy IL. Skulle nokon ha vanskar med betaling ber me at de tek kontakt med oss på post@osteroyil.no for å finna ei betalingsordning.

Alle som deltek på treningar og konkurransar for Osterøy IL (stemne, stafettar, renn og kampar) skal vera medlemmer. Medlemmane sjølve (eller dei føresette) må gje melding via brev/e-post/ dersom ein ikkje ynskjer å stå som medlem. Ein vert ikkje automatisk meldt ut om ein berre sluttar med ein aktivitet.

Det vert lagt ned store ressursar i å halde medlemsregisteret så oppdatert som råd er. Me tek gjerne imot endringar/rettingar på post@osteroyil.no når det gjeld namn, adresse, fødselsdato, telefonnummer og e-postadresse for medlemmane. Dette vert endå meir viktig no når ein nyttar elektronisk fakturering. Det er ikkje til å unngå at det kan vera eit etterslep i rapportering frå gruppene. Styret seier seg lei dersom krav vert sende til "feile" personar.

Treningsavgift

I tillegg til medlemspengar, som vert kravd inn av hovudstyret, krev fleire grupper inn ei treningsavgift. Desse pengane går direkte til drifta av gruppa.

Anlegg

Osterøy IL har driftsansvaret for stadionbygget på Hatland, skiløypa på Rolland, Osterøy stadion (gras- og løpebane) samt kunstgrasbana ved Osterøy stadion (Fugledalen). Ein ber om at brukarane følgjer informasjon på skilta som er sette opp på arenaene.

Informasjon

www.osteroyil.no skal vera ein tenleg stad for medlemmer og andre å finna relevant informasjon. Nyhende og anna kjapp informasjon vert også lagt ut på facebookside til Osterøy IL der ein i dag har over 1700 følgjarar.